



RETTEIING TIL SAMTYKKESKJEMA FOR TVERRFAGLEG SAMARBEID

1. Kva er ei samtykkeerklæring?

Ei samtykkeerklæring er eit viktig og nyttig verktøy for å kunne jobbe tverrfagleg og gi best mogleg oppfølging. Teieplikt er ikkje til hinder for at opplysningar blir gjort kjend for andre når den som har krav på teieplikt samtykker. For at eit samtykke skal vere gyldig, må det vere informert, frivillig og skriftleg.

Informasjon som blir gitt når eit samtykke blir henta inn skal vere god nok til at den som samtykker får høve til å gjere eit nøyne gjennomtenkt val.

Hent inn samtykke på eit tidleg tidspunkt og sett av nok tid til ein god og tillitsskapande samtale. Forklar rolla di i det vidare tverrfaglege arbeidet.

Det betyr at den som gir samtykke på førehand må få informasjon om:

- kvifor instansen/tenesta ønsker samtykke
- kva dei samtykker til, kva slags opplysningar som skal delast/hentast inn
- kven opplysningane skal delast med
- kven det vil bli henta opplysningar frå
- kven som skal behandle opplysningane
- at samtykket er frivillig og kan trekkast tilbake
- at samtykket skal bli gitt skriftleg. (Eit munnleg samtykke er også gyldig, men må i så fall dokumenterast ved at referat frå samtale blir ført i personen/barnet sin journal/mappe mv.)

2. Viktig å tenke på ved utfylling av samtykkeskjemaet

Kven bør samtykket bli gitt til?

Samtykket skal bli gitt til tenesta/instansen de representerer, til dømes skulen, PPT, koordinerande eining. Unngå at samtykke blir gitt direkte til tilsette ved bruk av namn. Den tilsette kan vere fråverande eller slutte i jobben.

Kva gjer vi når ein person ikkje vil gi samtykke?

Du må journalføre dette i eige fagsystem.

Kva informasjon kan bli gitt og utveksla?

Eit samtykke betyr i praksis at teieplikta blir oppheva så langt samtykket gjeld. Det er derfor viktig å få avklart kva slags opplysningar det blir gitt samtykke til å dele/utveksle. Det skal ikkje delast/utvekslast fleire opplysningar enn det samtykket gjeld. Det skal heller ikkje delast fleire opplysningar enn det som er nødvendig for å oppnå formålet i den enkelte saka. Eit samtykke henta inn til eit bestemt formål skal ikkje brukast for andre formål.

Eit samtykke bør dekke at ei teneste/ein instans både kan gi og få opplysningar som er skildra i skjemaet. Det er viktig å gi ei god skildring av den informasjonen som kan delast.

3. Samtykke for barn under 18 år

3.1. Hovudregel

Samtykke må bli gitt av dei som opplysningsa, tiltaka eller planane gjeld. Når dei gjeld barn under 18 år, er hovudregelen at det er foreldra til barnet som skal samtykke.

Ein mindreårig (under 18 år) kan berre gjere rettslege handlingar dersom det er særskilt bestemt i lov. Det betyr at den mindreårlige som utgangspunkt ikkje kan frita eit kommunalt organ for teieplikta. I staden er det foreldre med foreldreansvar som har rett til å gi samtykke til deling av teiepliktig informasjon, jf. barnelova § 30. Foreldra skal utøve foreldreansvaret ut frå barnet sine behov og interesser. Sjå nedanfor om barn sin rett til medverknad.

Har foreldra felles foreldreansvar, skal dei ta avgjerslene saman. Utgangspunktet er då at begge foreldre skal samtykke. Dersom det er vanskeleg å få skriftleg signatur frå den eine forelderen, er det tilstrekkeleg å få munnleg godkjenning eller signatur på e-post frå denne. Den tilsette må dokumentere dette i signaturfeltet til den forelderen som ikkje fysisk skriv under skjemaet. Kven som har foreldreansvar skal gå fram av Folkeregisteret.

Det finst fleire unntak frå hovudregelen. Nokre av desse blir skildra nedanfor.

3.2. Saker om helsehjelp

Over 16 år

Den «helserettslege myndighetsalderen» i Noreg er 16 år. Det betyr at barn/ungdom over 16 år som hovudregel sjølv har rett til å samtykke til helsehjelp. Det betyr også at dei sjølv kan samtykke til at teieplikta i saker om helsehjelp fell bort og at informasjon kan delast. Samtykket kan for eksempel gjelde utarbeiding av individuell plan og oppnemning av koordinator.

Under 16 år

For barn mellom 12 og 16 år skal foreldre med foreldreansvar avgjere om teieplikta fell bort. Barnet skal få høve til å uttale seg. Frå 12 års alder skal det leggjast stor vekt på barnet si mening.

For barn under 12 år er det foreldra åleine som avgjer om opplysningar skal kunne bli gitt til andre. Barnet skal få høve til å uttale seg.

Begge foreldre

Hovudregelen er at begge foreldre skal samtykke til helsehjelp til barn under 16 år såframt foreldra har del i foreldreansvaret. Sjølv om den eine forelderen ikkje bur saman med barnet, vil den ofte ha del i foreldreansvaret. Foreldre som har felles foreldreansvar, må som hovudregel vere einige for at samtykket skal vere gyldig. Foreldre som ikkje har foreldreansvar, har som hovudregel ikkje mynde til å samtykke på vegner av barnet.

Ein av foreldra

Det er tilstrekkeleg at éin av foreldra samtykker til helsehjelp som blir rekna som del av den daglege og ordinære omsorga for barnet. Slike avgjersler blir ikkje rekna som større avgjersler i barnet sitt liv som begge foreldre må samtykke til når dei har felles foreldreansvar.

Med helsehjelp som er ledd i den daglege og ordinære omsorga for barnet, rekna for eksempel behandling av øyreverk, halsbetennelse, influensa, skrubbsår og så vidare.

Det kan oppstå situasjonar der foreldre er ueinige om barnet skal få helsehjelp. Dette kan blant anna vere aktuelt i samband med familiekonflikt, vold, overgrep og liknande. Vidare kan det vere aktuelt i situasjonar der foreldra har ulik oppfatning av om barnet bør få helsehjelp eller ikkje. Det kan også oppstå situasjonar der det ikkje er mogleg å få avklart begge foreldra sine synspunkt på ytinga av helsehjelpa, for eksempel fordi den eine forelderanen ikkje er mogleg å få tak i. I desse situasjonane kan den eine forelderanen med foreldreansvar åleine gi samtykke til helsehjelp, føresett at kvalifisert helsepersonell meiner helsehjelpa er nødvendig for at barnet ikkje skal ta skade, jf. pasient- og brukarrettslova § 4-4 (3). Før slik helsehjelp blir gitt, skal begge foreldra, eller andre som har foreldreansvaret, så langt som mogleg få seie si meining.

Det er eit vilkår at kvalifisert helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av ikkje å få hjelpa. Med kvalifisert helsepersonell meinast helsepersonell som har nødvendig fagleg innsikt på området til å gjere ei forsvarleg vurdering av risikobildet og behovet for helsehjelp. Det vil som oftast vere den legen, psykologen eller tannlegen som er ansvarleg for helsehjelpa som bør gjere desse helsefaglege vurderingane.

Føresetnaden er at helsepersonell meiner at barnet kan ta skade av ikkje å få helsehjelpa. Kva som vil kunne vere skadeleg for barnet må vurderast konkret og vil til dels kvile på eit helsefagleg skjønn hos helsepersonellet. Både skadar av somatisk og psykisk art er omfatta. Skadeomgrepet vil derfor også omfatte tilfelle der det er viktig at barn får snakke med psykolog eller får eit behandlingstilbod ved Barne- og ungdomspsykiatri (BUP).

Unntaksreglane nemnt ovanfor må forståast slik at den eine forelderanen sin rett til å bestemme helsehjelp også gir rett til å samtykke til deling av teiepliktig informasjon med andre instansar når dette er nødvendig for å gi helsehjelpa.

3.3. Barnevernsaker

For barnevernssaker gjeld at barn som har fylt 15 år og forstår kva saka gjeld, kan opptre som part og kan gjere partsrettar gjeldande, jf. barnevernlova §12-3. Når det er spørsmål om å dele teiepliktige opplysningar om eit barn, krevst som hovudregel samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret. Når barnet har fylt 15 år og har sjølvstendige partsrettar, krevst det i tillegg eige samtykke frå barnet.

Har barnevernstenesta overtatt omsorga for eit barn under 16 år, har barnevernstenesta rett til å samtykke til helsehjelp og deling av informasjon.

3.4. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PP-tenesta (heretter PPT) er ei lovpålagt og frivillig teneste. Føresette må samtykke til at barnet blir vist til PPT.

PPT skal ha samtykke frå føresette. Når ein person har blitt 15 år eller eldre, krevst eige samtykke frå denne. PPT er ikkje er avhengig av foreldra sitt samtykke når barnet har fylt 15 år.

Tilvisinga til PPT blir som regel utarbeidd av skule eller barnehage i samråd med føresette, og føresette samtykker i at tilvisinga blir sendt.

Det er skulen eller barnehagen som set i verk den tilrettelagte opplæringa etter at det er fatta vedtak i saka. Vedtaket bygg på den sakkunnige uttalen som PP-tenesta har utarbeidd.

Den barnet bur fast hos kan samtykke til at det blir sett i gang sakkunnig vurdering etter opplæringslova § 11-7. Begge foreldre må likevel samtykke til vedtak om å setje i gang individuelt tilrettelagt opplæring uavhengig av om barnet bur hos begge foreldre eller om barnet berre bur fast hos den eine.

3.5.Barn sin rett til å medverke

Eit barn som har fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meininga si før det blir teke avgjerd om personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet har fylt 12 år skal det leggast stor vekt på kva barnet meiner, jf. barnelova § 31.

4. Når samtykkeerklæring er gitt

Kor lenge varer eit samtykke?

Det er ikkje regulert i lov kor lenge eit samtykke varer. Det kan vere føremålstenleg setje eit tidspunkt på minst 1 år eller å la tidspunktet stå ope og la det gjelde til samtykke blir trekt tilbake.

Dersom eit samtykke blir trekt tilbake, er det viktig å informere dei involverte. Du må journalføre at samtykke blir trekt tilbake.

5. Korleis gi informasjon om at samtykke er henta inn frå personen/foreldre ?

For å unngå at samtykke blir henta inn av fleire ulike samarbeidsinstansar, bør kopi av signert samtykkeskjema blir sendt til dei aktuelle instansane straks det er henta inn.

Ved første samtale med ein annan instans, må det informerast om at samtykkeskjema er underteikna og arkivert.

Korleis lagrar vi samtykkeerklæringa?

Samtykkeerklæringa skal arkiverast i det saksbehandlingssystemet som blir brukt i di teneste. Dei tenestene/instansane som er involverte kan be om å få kopi av samtykkeskjemaet tilsendt.

Kva skal refererast i eit samarbeidsmøte?

Dei opplysningane det er samtykka til kan delast i eit samarbeidsmøte. Det er viktig at referatet ikkje inneholder opplysningar om andre personar enn den samtykket gjeld.. For eksempel: ver forsiktig med omtale av andre familiemedlemmar.

6. Anonym drøfting

Som hovudregel skal offentlege tilsette hente inn eit informert samtykke frå den vi hjelper, til å ta kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Om dette ikkje er mogleg, er teieplikta ikkje til hinder for at tenesteapparatet kan drøfte ei sak anonymt (det blir då ikkje gitt opplysningar som er eigna til å identifisere konkret sak eller person).

7. Meldeplikt til barnevernet

Tieiplikta er ikkje til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn blir utsett for vald/sekuelle overgrep, og/eller lever i vald. Meldeplikta går føre tieiplikta.

Opplysningsplikta til barnevernstenesta er todelt. Du har ei sjølvstendig plikt til å gi opplysningar til barnevernet utan ugrunna opphald, når

- det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller anna alvorleg omsorgssvik
- det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling,
- det er grunn til å tru at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit særleg hjelpetrengande barn ikkje får dekt det særlege behovet for behandling eller opplæring
- eit barn viser alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, mis bruk av rusmiddel eller annan utprega normlaus oppførsel det er grunn til å tru at eit barn blir eller kjem til å bli utnytta til menneskehandel

Du har også ei plikt til å svare når barnevernstenesta ber om opplysningar. Meldeplikta står i barnevernlova § 13-2, helsepersonellova § 33, barnehagelova § 46 og opplæringslova § 24-3.

Sjå kommunen sin handlingsrettleiar ved mistanke om vald, overgrep eller alvorleg omsorgssvik mot barn: [Handlingsrettleiar - BTI portalen Ulstein kommune](#).

8. Avvergingsplikt

Avvergingsplikta er ei plikt heimla i straffelova § 196, om å avverje ei straffbar handling ved å melde frå til politiet, eller på annan måte søke å avverje ei straffbar handling. Avvergingsplikta gjeld når det framstår som sikkert eller mest sannsynleg at ei straffbar handling er eller vil bli utført.

Avvergingsplikta opphevar tieiplikta.

Avvergingsplikta gjeld mellom anna i situasjonar der det kan skje mishandling i nære relasjoner, valdtekts, sekuelle overgrep mot barn eller drap. I tillegg har visse yrkesgrupper plikt til å søke å avverge kjønnslemlesting etter straffelova § 284, tredje ledd. Dette gjeld blant anna barnehagar, barnevernet, sosialtenesta, helse- og omsorgstenesta, skular og skulefritidsordningar.

Dersom den straffbare handlinga allereie er utført, har du avvergingsplikt berre når du reknar det som sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil gjentakast. Du har også plikt til å avverje dersom du ved å varsle kan hindre følgjer av handlinga, som at ein allereie inntreft skade blir verre.

Avvergingsplikta gjeld oss alle. Alle tilsette i kommunen er personleg ansvarlege for å melde frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller ein ungdom er utsett for vald eller sekuelle overgrep. Drøft bekymringa med kollegaer og din leiar.

Er du fagperson og har kollegaer eller ein overordna som ikkje deler di oppfatning av at eit alvorleg lovbrotd vil skje, har du framleis plikt til å søke å avverje dersom du sjølv meiner det mest sannsynleg vil skje. Det er personen sitt liv og helse som står i første rekke. Det same gjeld om vedkomande er omsorgsperson og du fryktar at barn sitt liv og helse står i fare.

Les meir her: <https://plikt.no/>